



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45 42 78 74  
**Dato:** 08.06.2016  
**Referanse:** 15/01662-2

v/ Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

## Høyring - søknad om fornya konsesjon for Førde lufthamn, Bringeland

Avinor AS søkte i brev datert 27.04.2015 om fornying av konsesjon for å driva og inneha Førde lufthamn, Bringeland.

### 1. Nærare om bakgrunnen for saka og søknaden

Avinor AS fekk ved Samferdselsdepartementet sitt vedtak 20.12.2006 konsesjon til å driva og inneha Førde lufthamn, Bringeland. Konsesjonen gjaldt for 10 år, fram til og med 20.12.2016.

Avinor AS skriv at Førde lufthamn hovudsakleg vert nytta til regelbunden dagleg ruteflyging til og frå andre flyplassar i det lokale flyplassnettet på Vestlandet, inklusiv Bergen, samt til Oslo. Pr i dag er det Widerøe som er operatør på desse flygingane. Lufthamna har også allmennflyging, ambulanseflyging og helikopterflyging på dagleg basis, samt charter- og skuleflyging på vekebasis.

I gjeldande søknad har Avinor AS vist til talet på faktiske flyrørsler dei seinare åra, og det er gitt eit anslag for talet på flyrørsler fram til 2040. Talet på flyrørsler kvart år mellom 2010 og 2013 har lagt nokolunde stabilt på rundt 7.000. I 2014 var talet på flyrørsler over 8.000. Avinor AS har sett fram ei prognose på 8.200 flyrørsler per år innan 2040.

Ein viser elles til kopi av søknaden, som saman med dei andre høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under fanen «Høringer».

### 2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller inneha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn uttale frå tilknytta kommunale og andre mynde før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «*forenlig med allmenne hensyn*» er nærmere presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

«*Formålet med forskriften er:*

- b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til offentleg bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 20 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

I konsesjonsforskrifta § 14 er det stilt krav til opplysingar som skal følgja med søknaden med tanke på det faktiske grunnlaget for saka.

### 3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyningsinstansane om ei vid vurdering av lufthamna si drift opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tekne inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Ut over dei sidene av saka høyningsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at høyningsinstansane tar stilling til dei forholda som er nemnde i pkt. 3.1 flg.

#### 3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Konsesjon kan likevel bli gitt i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsmynde samtykker til ferdighandsaming av konsesjonssøknaden.

I søknaden om fornya konsesjon skriv søkjær at Gaular kommune ikkje har ein kommuneplan som i tilstrekkeleg grad tek høgda for dei behov lufthamna har. Det ligg likevel føre ein godkjend reguleringsplan som har satt av tilstrekkeleg areal til lufthamna, og der det også er lagd inn restriksjonar.

Ut frå det Luftfartstilsynet kan sjå, har Gaular kommune fatta vedtak 18.09.2008 om tilstrekkeleg reguleringsplan for Førde Lufthamn, Bringeland. I vedtaket er det gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Luftfartstilsynet tolkar dette slik at ei fornying av konsesjonen for Førde lufthamn ikkje vil vera i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Me ser gjerne at høyningsinstansane gjev sine kommentarar til dette.

#### 3.2 Forholdet til naturmangfoldlova

Luftfartstilsynet har i innleiinga i sakshandsaminga sett til lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) §§ 8 til 12, jf. § 7.

Sidan søknaden gjeld det at ei etablert verksemد held fram, er det vanskeleg for Luftfartstilsynet å sjå at ei fornying av konsesjonen vil komma i konflikt med prinsippa i naturmangfaldlova, eller at det er grunnlag for å gjera nærmere undersøkingar etter lova.

Luftfartstilsynet går likevel ut frå at høyningsinstansane kan ha større kunnskap om naturmangfaldet i området, og om landingsplassen sin moglege innverknad på dette. Om det er slike forhold som ein meiner gjer det nødvendig med ei nærmere vurdering, ber me om ein særskild kommentar til dette ved sida av ei oversending av det konkrete kjeldegrunnlaget kommentaren byggjer på.

### 3.3 Støy

Når det gjeld støy, så har ikkje søker utarbeidd nokon ny støyrapport for denne konsesjonsomgangen. Søker har vist til den støyrapporten som vart lagd fram i samband med førre konsesjonssøknad (2006), og gitt uttrykk for at denne rapporten er dekkjande for aktiviteten ved lufthamna i dag.

Etter ein gjennomgang av støyrapporten frå førre konsesjonsomgang, kan Luftfartstilsynet vera samd med søker om at det ikkje burde vera naudsynt å utarbeida ei ny støykartlegging i samband med gjeldande søknad om fornya konsesjon.

Den førre støyrapporten har riktig nok lagt til grunn eit lågare tal på flyrørsler per år enn det som søker har lagt til grunn i sine prognosar for den neste konsesjonsperioden. Støyrapporten tek høgde for om lag 6.900 flyrørsler per år, medan søker har ei prognose på 8.200 flyrørsler per år innan 2040. Dette er ein skilnad som utgangspunktet kunne gje grunn til å kartleggja støyforholda grundigare.

For Luftfartstilsynet er det likevel avgjerande at dei eksisterande støysonene omkring lufthamna ser ut til å liggja høvesvis langt unna hus og bygnader i området. Ein mindre auke i flytrafikk burde difor ikkje få stor tyding for omgjevnadane, med omsyn til støy. Luftfartstilsynet finn difor at det at grunnlag for å føreslå at lufthamna i neste konsesjonsperiode vil kunna få løyve til å ha 8.200 flyrørsler over ein periode på tolv månader. Me ser likevel gjerne at høyningsinstansane kommenterer dette forslaget og forholda rundt støy særskilt.

### 3.4 Konsesjonsvilkår

Det vedlagte utkastet til konsesjonsvilkår byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, og på opplysninga i søknaden.

I tråd med søknaden og støyutrekninga er trafikkomfanget for konsesjonen avgrensa til 8.200 per år. Luftfartstilsynet vil peika på at ei flyrørsle er enten ein avgang eller ei landing med luftfarty. Dei 8.200 flyrørlene vil famna om all aktivitet på lufthamna, det vil seie kommersiell trafikk, ambulanseflygingar, skuleflygingar og andre typar GA-flygingar. Når det gjelder skuleflyging, vil kvar landingsrunde («touch and go-trening») gjelde som to flyrørsler i forhold til trafikkramma i konsesjonen.

Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på flyrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Elles viser me til utkastet til konsesjonsvilkår.

#### 4. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle uttale til søknaden og konsesjonsvilkåra blir sende til Luftfartstilsynet **innan 10. september 2016.**

Dette høyringsbrevet blir berre sendt per e-post. Samlede høyringsdokument er tilgjengelege på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under fana «Høringer».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdera om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høring før eventuell uttale blir gitt.

Med venleg helsing

Wenche Olsen  
avdelingsdirektør  
Flyplass- og flysikringsavdelingen

Finn O. Meling  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ikkje signatur.*

Følgjande vedlegg er å finna på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no) under fana «Høringer»:

- 1) Avinor AS sin søknad med vedlegg
- 2) Utkast til konsesjonsvilkår

Adresseliste:

- |                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| - Gauland kommune                 | <a href="mailto:postmottak@gauland.kommune.no">postmottak@gauland.kommune.no</a> |
| - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | <a href="mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no">fmsfpost@fylkesmannen.no</a>           |
| - Sogn og Fjordane fylkeskommune  | <a href="mailto:post@sfj.no">post@sfj.no</a>                                     |
| - NHO Luftfart                    | <a href="mailto:nholuftfart@nho.no">nholuftfart@nho.no</a>                       |

Kopi:

- |                            |  |
|----------------------------|--|
| - Avinor AS                | <a href="mailto:post@avinor.no">post@avinor.no</a>             |
| - Samferdselsdepartementet | <a href="mailto:postmottak@sd.dep.no">postmottak@sd.dep.no</a> |